



Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1421 - 16/20288

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

25.10.2016

Tilleggsopplysningar - GBNR 49/11 - Søknad om konsesjon - lo

Bengt Ingvard Iden har i e-post til Meland kommune den 25.10.2016 gjort kommunen merksam på at han ønskjer å kjøpe gbnr. 46/11 som tilleggsareal til sin eigedom, gbnr. 49/4.

Han skriv følgjande:

«Eg Bengt Ingvard Iden og min sambuar Åshild Dale eig og driv i dag g.49 br.04, som er min slektsgård. Her har me ca 65 vinterfora sauer av rasen NKS. Det er eit deltidbruk, der eg har jobb utanom og Åshild har pr i dag ein 50% stilling utanom bruket. Min landbrukserfaring har eg frå heimagarden og ein periode som avløysar. Åshild har arbeid som avløysar fleire plassar og har gått 3 år på Stend vgs. For å få nok areal disponerer me også teiger på Skurtveit. Vikebø og Åsebø. Dette er tidkrevande og kostnadsdrivende so det hadde vert ønskelig med beite/slåttemark nærmare driftssenteret. Me vurderer det derfor slik at det for oss vil vera ei driftsmessig god løysing å kjøpa og driva g.49 br.11.

«Dette forutsetter selvfølgelig att anledningen byr seg. På g.49 br.11 ligg det i dag ei hovedgrøft. Denne blei fornya med betongrør av eigarane av g.49 br. 01,03,11 og 13 for ca 40 år siden. Denne ønsker me å benytte oss av og dyrka opp igjen slåttemarka. Dei øverste delane av slåttemarka blei benytta fram til ca, midten på 80 tallet og er i best forfattning. Det er mulig å tilbakeføre dei delane av utmarka som før blei brukt til storfebeite til beite. Om dette skal gjerast med sau eller storfe som beitedyr treng me råd frå landbrukskontoret og landbruksrådgivingen før me bestemmer oss for.»

Utval for drift og utvikling skal handsame søknad om konsesjon slik den ligg føre, og med ei positiv tilnærming, jf. Sivilombodsmannen i sak 2008/2322. I vurderinga skal det leggjast vekt på følgjande, jf. konsesjonslova § 9 første ledd:

1. om den avtalte prisen tilgodeser ei samfunnsmessig forsvarleg prisutvikling,
2. om erververs føremål vil ivareta omsynet til busettinga i området,
3. om ervervet inneber ei driftsmessig god løysing,

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

4. om erververen er skikka til å drive egedomen,
5. om ervervet ivaretek omsynet til heilheitleg ressursforvaltning og kulturlandskapet.

Administrasjonen viser for øvrig til rettsleg utgangspunkt for vurderinga, som vist i saksframlegget.

Etter ei vurdering er administrasjonen einig i at Bengt Ingvard Iden nok er skikka til å drive gbnr. 49/11. Vi vil likevel vise til at eigarar av nabobruka har vore godt kjent med at gbnr. 49/11 skulle selgast, og at den er solgt. Bengt Ingvard Iden burde difor ha vist si interesse tidlegare i prosessen.

Vidare er det administrasjonen si vurdering at egedomen har begrensa jordressursar og at det difor ikkje vil gje stor auke i jordbruksdrifta viss det blir lagt til eit eller fleire bruk som tilleggsjord. I tillegg har Bengt Ingvard Iden ikkje skrive noko om kva pris han er villig til å betale for egedomen.

På bakgrunn av det ovannemnde finn administrasjonen at alternativet står fram som teoretisk og lite reelt. Etersom terskelen for å gripe inn i ein privatrettsleg gyldig avtale er høg, og fordi det ikkje ligg føre gode grunnar for å nekte konsesjon til søkjarane, held administrasjonen fast ved vår vurdering og framlegg til vedtak i saksframlegget, saksnr 64/2016.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

